



Sogndal. 27.02.23

Innspel til skuleplan Sogndal kommune frå Sogndal Idrettslag

Sogndal Idrettslag tel i dag 1586 medlemmer der 960 er under 19 år og vi har medlemmer frå heile indre Sogn. Mange av gruppene til SIL har i dag sprengt kapasitet og opererer med ventelister, så det er eit stort behov for meir aktivitetsflater og hallkapasitet.

Vi er i dag avhengig av eksterne huseigarar som leiger ut til oss. Ein reell situasjon er at ei av vår største gruppe med over 200 utøvarar ikkje har ein plass å vera til hausten om huseigar må prioritere annleis enn i dag. Dette er ei stor utfordring for oss og borna våre om dette skjer. Vi skulle hatt fleire flater i dag!

Vi har 2 innspel til skuleplanen

1. Plassering

For idretten er det viktig at nærleiken til andre anlegg og skule for samdrift vil føre til lågare kostnader og moglegheitene for å skape ein god møteplass for alle. På den måten kan både kommune og den frivillige dugnaden bruke tid, pengar og andre ressursar på å gi eit best mogeleg aktivitetstilbod. Dette er viktig for folkehelsa, oppvekst og aktivitet i Sogndal kommune. Det er ikkje alle som kan eller vil springe opp alle fjelltoppar og da er dette ein god investering for innbyggjarane si helse.

Ein fleirbrukshall vil også vere ein sosial møteplass for alle i Sogndal og omegn. Dette vil gi ikkje berre Sogndal idrettslag men og andre lag og organisasjonar eit løft gjennom å

- styrke etablerte miljø
- gi vekst til nye miljø
- bidra til integrering og hindre utanforskap
- kunne arrangere større arrangement, som stemner og messer for å auke aktivitet og inntekter i lokalsamfunn og det frivillige.
- løfte folkehelsearbeid for innbyggjarar i alle livsfasar
- førebygging og rehabilitering ved sjukdom og skadar

All aktivitet er avhengig av godt tilrettelagte anlegg. Ved å tenke nyskapande aktivitetar i lag med organisert og eigenorganisert aktivitet vil det føre til mindre einsemd, betre inkludering og meir aktivitet.

Kvåle er det beste alternativet for Fleirbruks og basishall for idretten, med tett tilknytting til andre anlegg og skule.

2. Kastområde til friidrettsbana Sogndal Stadion, Kvåle

Det er viktig at de tek med kastområdet som er fjerna i dag pga kunstgras. Vi viser til tidlegare vedtak og dialog med kommunen.

I 2009 gjorde Sogndal kommune vedtak om å leggje kunstgras og å erstatte kastfelt på utsida av løpebanene, og 2010 søkte kommunen om kr. 633.000 (spelemidlar) til område for kasteøvingar. Dette var då eit prioritert område og er omtalt i sak 09/2413-4 der Inger Pedersen er sakshandsamar.

Etter at kommunen fekk innvilga spelemidlar til nytt kastfelt, rehabilitering av løpebane og kunstgras har kommunen ikkje fått på plass kastfeltet. Sogndal idrettslag gjekk med på at ein kan plassere kasteøvingar utanfor bana.

Vi ber om at kommunen nytta høve til å heidre premissane og vedtaket frå 2009 om å erstatte kastfelta til friidrettsstadion.

Til sist

Med stigande folketal, er det ikkje berre barnehagar og skular som treng meir plass. Også idretten har behov for fleire treningsflater og halltid når kommunen veks. I tillegg ser idretten at stadig fleire seniorar nytta seg av idrettslaget sine tilbod. Med ein aldrande befolkning saman med tilvekst av barn og unge auka behovet i begge endar av aldersskalaen.

At alle i ulike alder får moglegheita til å oppleve idretts- og aktivitets glede i praksis, enten via meistring eller bygging av sosial kompetanse er ei ubeskriveleg oppleving og noko ein treng å fokusere på i dagens samfunn.

I skulen er det fokus på å bygge robuste barn og unge, og det same er idretten. Det handlar om å spele på same lag, slik at alle i Sogndal kan prøve ut ulike aktivitetar og få trene i trygge omgjevnadar med dyktige trenarar. For å få det til, må vi ha gode anlegg med plass til alle.

Med venleg helsing

Tonje Norheim Tangerud

- Leiar Sogndal idrettslag -

Luster Sparebank 

Sogndal idrettslag sin hovudsponsor